

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JULI 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Nils Yngve Nupen

Fødselsdager i juli:

Otto Holstad 13.07

Magnar Hatlø 30.07

Eldar Holm 31.07

100%frammøte i juli 2004:

Svein Johs. Flø, Johs. J. Hareide, Åge

Nytun, Arne G. Grimstad, Jarle

Klungsøy, Sigurd Bigset, Egil Utgård,

Anders Riise

Frammøteporsent: 44,6%

Ta vare på  
den du har kjær  
Er du alles venn  
er du ingen nær  
Ta vare på  
de nære gleder  
Er du over alt  
er du ingen steder

Anders Helset

Då referenten hadde ferie i slutten av juli mnd. er dessverre møtereferatet noko ufullstendig.

Eg har fått opplyst av president Ingar Bigset at det var lite programinnslag på møta i juli.

### **Referat frå møte 05.juli**

President Ingar Bigset leia møtet.

Fekk førespurnad frå guvernøren om når det passa å kome på besök

Etter eit par alternativ enda datoен på 22.oktober. Ingar Bigset har avtala besök på Hareid den 22.oktober, dvs. på den tradisjonelle røyrafesten.

Litt om Rotary foundation:

Som vi veit blir mykje av kontingeneten vi betaler inn til Rotary foundation brukt til humanitært arbeid og for fred – eit fond som vi støttar kvart år.

Oppfordringa frå guvernøren er at vi må ta mål av oss å greie å heve bidraget til Rotary foundation frå kr.100 pr. medlem pr år til kr. 150. Han trur at med litt omtanke og entusiasme så greier vi det.

Etter det presidenten forstår av kasserar Oddvar Haugen så må det gjerast tiltak for å få dette til, men dersom andre greier det, så bør vi også få det til. Kasseraren vart oppfordra om å kome med forslag.

Informasjon og invitasjon til Distriktskonferansen i Ålesund 17.-19. september.

Presidenten las opp invitasjonen, orienterte om prisar, og at interesserte fyller ut skjema og leverer til Trygve Riise. I og med at konferansen er i Ålesund så er det muligkeit for påmeldte å ta siste hurtigbåt til Hareid eventuelt Sulaferga.

### **Referat frå møte 12.juli**

President Ingar Bigset leia møtet.

Nytt månadsbrev for juni vart lagt ut med dikt av Johan H. Grimstad.

14 medlemmar var tilstades på møtet.

Presidenten informerte om DSG - Distrikt Simplified Grant

Dette er eit tilbod klubben har fått om økonomisk støtte til prosjekt klubben planlegg å gjennomføre i løpet av Rotaryåret

Prosjektet kan enten vere internasjonalt, nasjonalt eller lokalt.

Det er ein føresetnad at medlemmane i klubben deltek for å gjennomføre prosjektet.

Distriktet har dette Rotaryåret til disposisjon kr. 2800 dollar til slike prosjekt.

Presidenten ba om at medlemmane kjem med forslag til aktuelle prosjekt- idear og forslag. Det gjeld også for andre oppgåver som klubben kan engasjere seg i.

Hareid Rotaryklubb har fått søknadsskjema og oppgitt kontaktperson for prosjektet.

Søknadsfrist er sett til 1. september.

Samfunnskomiteen har fått kopi av skjema.

Presidenten refererte brev frå Asbjørn Pilskog.

### **Referat frå møte 19.juli**

Presidenten refererte frå månadsbrevet for juni.

Ingar Bigset oppfordra medlemmane til å fortelje om ferieturar.

### **Referat frå møte 26.juli**

Visepresident Arve Røyset leda møtet. Referenten har her ikkje opplysningar om programinnslag.